



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Øyvind Hatleli
Vår referanse: 14/148 - 2 / FA - V01, HistSak - 13/464
Dato: 05.03.2014

Emne: Årsrapport Landbruksfagråd 2013

Medlemmar:

Kjersti Flatråker – Bonde og Småbrukarlaget

Dag Sætre – Politisk -- **Leiar**

Kari Heggnes Kvammen – Bondelaget -- **Vara**

André Michelsen – Underutval for vilt og innlandsfiske

Kåre Hole - Sauealslaget

Øyvind Hatleli – Landbrukskontor -- **Sekretær**

Det har vore to møter i Landbruksfagrådet i 2013, 02.05 og 19.09.

Saker som har vore drøfta:

Arbeidsoppgåver til rådet.

Planar, høyringar og anna som grip om landbruksspørsmål bør drøftast. Rådet kan sjølv fremje saker, og jobbe for å motivere bønder. Skal arrangere årleg møte på hausten der tema er landbruk. Tema for haustmøtet 2013 skulle vere dyrehelse og dyrevelferd. Møtet vart avlyst av di det vart skipa eit ope møte i Knarvik som tok føre seg dette.

Nominering til kulturlandskapspris

Sjøbua på Kviste og Brattetaule gard vart nominert frå Radøy kommune. Kvemmadokkje i Ulvik vann prisen.

Felles Landbrukskontor

Det har vore informert om planane om felles landbrukskontor for Nordhordland. Uttale frå Landbruksfagrådet har vorte sendt. Det er no avklara at det ikkje vert felles landbrukskontor i Nordhordland.

Tømmerkai

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Det er planlagt utviding av tømmerkaiaen på Eidsnes. Viktig for regionen at det kjem på plass. Bør støttast økonomisk av kommunane.

Driveplikt

Spørsmål om handheving av driveplikta frå Bonde og Småbrukarlaget. Det vart sendt vidare til Fylkesmannen, og kommunen har fått noko rettleiing i handsaming av slike saker.

Møtegodtgjersle

Rådmannen har avklara at representantane skal få same godtgjersle som til politiske representantar.